

# Arbeidsprogram for Nord-Aurdal SV

## Ta kampen for eit varmt samfunn

for dei mange – ikkje for dei få

Kommunevalet i Nord-Aurdal 2019–2023

Di stemme er viktig – stem SV 8.–9. september!

---

### *Miljø og fellesskap er hjartesakene våre*

SV vil arbeide for at Nord-Aurdal skal vera ein leiande distriktskommune med levande grender. Ein god kommune krev eit samspel mellom offentlege tenester og privat engasjement. Nord-Aurdal skal vera kommunen der vi bryr oss om kvarandre og har gode system for å inkludere og engasjere innbyggjarane. SV er vaktbikkja som passar på rettane til dei svakaste i samfunnet.

### **Barn og unge først – trygg oppvekst**

SV vil arbeide for at alle barn i kommunen skal kunna ha ein god oppvekst, og går inn for:

- å følgje opp plan mot barnefattigdom slik at kommunen blir i stand til å gi rett, samanhengande og tilstrekkeleg hjelp til utsette barnefamiliar
- å tilby foreldrekurs for alle nybakte foreldre
- å sikre tilstrekkeleg bemanning i barnehagane
- at barneskulen og ungdomsskulen får nok menneskelege ressursar, m.a. miljøterapeutar i tillegg til nok lærarar
- ei skulefritidsordning med kvalifisert personale

### **Helse og velferd**

SV vil arbeide for eit lokalmiljø der forholda ligg til rette for menneske i ulike livsfasar, og går inn for:

- å sikre at familiar med funksjonshemma barn og unge får sikker og tilstrekkeleg avlastning
- å sikre faste vikarar i pleie- og omsorgstenesta
- å vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen og Stabburshella

- å leggje til rette for at det skal vera lett å mosjonere, m.a. med godt utbygde gang- og sykkelveggar og stigar
- at alle kommunale tenester må ha gode system for å ta brukarane med på råd

## **Kultur og inkludering**

Mennesket lever ikkje av brød åleine, vi treng også kulturtilbod og trygge fellesskap. SV ønskjer derfor å skapa eit variert kulturtilbod som kan interessere flest mogleg, og vil særleg arbeide for:

- å vidareutvikle Frivilligsentralen som ein møteplass for alle generasjonar, frå barselgrupper til seniordans
- nytt kulturhus med bibliotek over bakken
- å oppretthalde og vidareutvikle eit godt kulturskuletilbod
- støtte til lag og foreningar og til vedlikehald av grendehus
- å ta imot nye innbyggjarar på ein god måte gjennom å skapa gode relasjonar og integrere dei i lokalsamfunnet
- å tilby norskopplæring for alle innvandrarak og tilby vennskapsfamiliar

## **Næring og utvikling**

Skal kommunen kunna gi eit heilskapleg tilbod til dei som vil bu her, må vi kunna tilby varierte arbeids- og praksisplassar. SV vil derfor:

- utvikle Fagernes som regionsenter
- arbeide for å få og behalde statlege arbeidsplassar i Valdres
- seia nei til å setja kommunale tenester ut på anbod
- arbeide for kulturarbeidsplassar
- arbeide for at vi kan tilby kommunale tomter både til bustader og næring
- arbeide for at kommunen tilbyr gode fagmiljø i sin organisasjon
- arbeide for at kommunen gjennomfører ei undersøking av trivsel i befolkninga, og følgjer opp med konkrete tiltak

## **Miljø**

Ein viktig del av miljøatsinga er å avgrense utsleppa mest mogleg. SV vil arbeide for:

- å få gjennomført utbygginga av E16 gjennom Fagernes så raskt som råd
- ei fjellgrense for hyttebygging og heller fortetting enn nye felt
- barnehagar der folk bur og arbeider
- ein forpliktande klima- og miljøplan som omfattar alle område i kommunen, med tiltak som:
  - elbilar/hybridbilar i heimetenesta
  - bysyklar og skibussar
  - busskur og gode kollektivtilbod
  - informasjon som gir innbyggjarane grunnlag for å gjera gode miljøval
  - å avgrense snøskuterkøyring til nyttekøyring
  - ei miljøvennleg plassering av bustadfelt og næringsområde

-----

## ***Stem SV for miljøet og dei gode fellesskapsløysingane***

For Nord-Aurdal SV er det viktig at Nord-Aurdal blir ein inkluderande kommune med gode oppvekstvilkår og brukarnære tenester, der relasjonar blir viktigare enn maskinar, der vi set Valdres-identiteten høgt, og der vi tek omsyn til miljøet i all utvikling.

Saker som SV har fått gjennom den siste perioden, er plan mot barnefattigdom og bustadsosial handlingsplan. Stem oss med vidare, slik at vi blir sterkare og får gjennomført endå meir god SV-politikk!